

Semje om talgrunnlag i jordbruket

Stortinget handsama våren 2024 ein ny modell for måling av inntektsnivå i jordbruket. Det vart under handsaminga av jordbruksoppgjeret 2024 vedteke eit oppmodingsvedtak som peika på manglande forankring av modellen i eit stortingsfleirtal. Denne avtala sikrar ei slik forankring.

Tradisjonelt har partia i sentrum og Arbeiderpartiet vore sentrale for å sikre jordbrukets rett til å forhandle. Det er viktig med klare prinsipp for korleis ein kjem fram til talgrunnlaget som ligg til grunn for forhandlingane. Denne avtala avklarar dette.

Avtala avklarar og felles standpunkt i nokre andre jordbrukspolitiske saker.

- Arbeiderpartiet meiner denne avtala tryggjer forhandlingsinstituttet og gir føreseielegheit for næringa, ved at usikkerheita som har vore rundt Stortingets syn på talgrunnlaget no vert avklart. Det legg saman med Hurdalsplattforma klare føringar for komande jordbruksoppgjer, seier næringspolitisk talsperson Rune Støstad (Ap)

- Det har vore ei klar forventning om å finne ei semje som både legg til rette for ei inntektsopptrapping og som landar prosessen med nytt talgrunnlag. Senterpartiet vil halde fram arbeidet med å styrke bonden sin økonomi seier landbruks- og matminister Geir Pollestad (Sp)

- Venstre er opptatt av å sikre klare føringar for jordbruksforhandlingane som kan stå seg over tid, og hindre at landbruket blir offer for politisk spel frå fløypartia. I tillegg er Venstre glade for å få på plass eit talfesta økomål på 10% økologisk landbruk innan 2032. Det er viktig for miljø, mangfald i landbruket og framtidig sjølvforsyning, seier næringspolitisk talsperson Alfred Bjørlo (V)

- KrF tek ansvar og sikrar fleirtal for det beste talgrunnlaget det er mogleg å få politisk fleirtal for. Med dette sikrar vi at Jordbrukskonto kommer på plass allereie i 2025. Det gir bøndene meir føreseielegheit for inntekt og skatt. KrF jobba knallhardt for å få ned timetalet i årsverket til 1700 timar. Det klarte vi, og det har ein verdi på om lag 600 millionar meir til bonden. Samstundes er ei av dei viktigaste verdiane for bonden – og for oss alle – at talgrunnlaget no får politisk fleirtal. Det er avgjerande for at jordbruksoppgjeret kan bestå, seier partileiar i KrF, Dag-Inge Ulstein.

- Pasientfokus er spesielt tilfreds med at avtalen prioriterer landbruket i nord. Et livskraftig landbruk i Nord-Norge, og da spesielt i Finnmark, er viktig for bosetningen i bygdene, annet næringsliv, totalberedskapen og suverenitetshevdelsen. Pasientfokus er også tilfreds med at avtalen setter mål for økologisk landbruk, samt at et årsverk i landbruket likestilles med andre grupper i samfunnet. Dette er ikke minst viktig for rekrutteringen til landbruket, sier stortingsrepresentant Irene Ojala (PF).

Avtale om prinsipp for talgrunnlag m.m. i jordbrukspolitikken

Partia bak denne avtalen, som utgjør eit fleirtal på Stortinget, meiner det er viktig å sikre forhandlingsinstituttet i jordbruket. Denne avtala sikrar ein modell for måling av inntektsnivå i jordbruket som kan stå seg over tid. Modellen vil i seg sjølv ikkje bidra til at det oppstår eit inntektsgap etter opptrappingsperioden.

1. Timetalet per årsverk i jordbruket vert redusert med 50 timar til 1700 timar i to like trinn med verknad for kalenderåra 2026 og 2027.

2. Normeringsfaktoren, avsetning til investeringar i avskrivbar eigenkapital og samanlikningsgruppe ligg fast i talgrunnlaget slik det vart nytta ved jordbruksoppgjæret 2024.

3. Regjeringa kjem i vår med framlegg til jordbrukskonto, med verknad frå og med inntektsåret 2025.

4. Ny målsetting om produksjon av økologisk mat:

«Eit produksjonsmål der 10 % av det totale jordbruksarealet skal vere økologisk innan 2032, kombinert med verkemiddel som stimulerer til auka omsetnad og etterspurnad av økologisk mat i marknaden. Regjeringa skal våren 2025, i «Nasjonale strategier for økologisk jordbruk», kome attende med framlegg til korleis ein kan auke etterspurnaden etter økologisk mat gjennom ulike konkrete tiltak som legg til rette for auka etterspurnad både frå private og det offentlege. Det skal mellom anna vurderast om det er tiltak i Danmark og Sverige som kan nyttast i Noreg. Det skal vera eit særleg fokus på at norsk økologisk produksjon skal kunne møte ein auka etterspurnad.»

5. Ei semje om ei kraftig prioritering av Nord-Noreg i neste jordbruksoppgjæret.

Desse partia viser til at oppfylgning av denne avtala inneber at rapporteringa på vedtak nr. 847, 21. juni 2024 kan avsluttast. Partia forpliktar seg til å gjera naudsynte vedtak i Stortinget for å fylgje opp denne avtala.

Rune Støstad, Arbeiderpartiet

Geir Pollestad, Senterpartiet

Alfred Bjørlo, Venstre

Dag-Inge Ulstein, KrF

Irene Ojala, PF